




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Sykkylven vgs

Årsmelding skoleåret 2023-24



Innhaldsliste

1. Rektor har ordet	2
2. Nøkkellopplysningar om skolen	3
2.1 Organisasjonen	3
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	4
2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1	5
3. Læringsmiljø	7
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	8
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	8
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	9
4. Skoleårsresultat	12
4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring	12
4.2 Karaktersnitt	14
4.3 Fråvær	15
4.4 Elevar som har slutta	15
4.5 Overgangar	17
5. Leiing og profesjonsutvikling	19

1. Rektor har ordet

Sykylven vidaregåande skule er ein kombinert skule, og har utdanningsprogram for Studiespesialisering, Helse og oppvekst, Teknologi og industrifag, Elektro og datateknologi samt Påbygging til generell studiekompetanse.

Resultata frå Elevundersøkelsen har vore sterke dei siste åra, og også i år ser vi ei gledeleg auke. Vi er ein av dei beste skulane i fylket på skulemiljø, noko vi er svært stolte av! Elevane trivst godt på skulen, og vi har eit læringsmiljø som støttar både fagleg og sosial utvikling. Med gode tal for fullført og bestått kan vi med stoltheit slå fast at skuleåret 2023-2024 har vore eit godt år. Elevane har blomstra, og vi ser resultatet av eit trygt, inkluderande og inspirerande skulemiljø.

Internasjonalisering er ei satsing i fylkeskommunen, og Sykylven vgs har tatt dette på alvor sidan 1996. Sykylven vgs har si eiga akkreditering i Erasmus+, og har gjennom dette mange internasjonale prosjekt. Heile 1/3 del av elevane deltek i ulike prosjekt.

Den årlege internasjonale veka vart gjennomført i mars 2024, med besøk frå alle samarbeidslanda.

Skulen vår har lange tradisjonar for å bruke entreprenørskap som metode. Å vere ein del av Skaparglede-bygda forpliktar og opnar for samarbeid med lokalt næringsliv. Dette skuleåret fekk vi 1. og 2. plass for Beste yrkesfagleg bedrift og 1. plass Beste standopplevelse.

På studiespesialisering har to lærarar denne våren vore involvert i utprøving av langtidsoppgåve i programfaget politikk og menneskerettar i regi av Udir. I avdelinga har vi hatt eit felles fokus på læringsfremmande bruk av KI-baserte språkmodellar, og vi har diskutert dilemma knytt til bruk av denne teknologien i vurderingssituasjoner.

I mars fekk elevar og lærarar ved VG2 Industrieknologi besøk frå skulen vi samarbeider med i Pamplona i Spania - samarbeidet resulterte i utviding av utearealet vårt med sitjeplassar og blomekasser, til glede for heile skulen. I tillegg har elevar frå VG2 Industrieknologi delteke i eit to-vekers utvekslingsprogram med Salesianos Pamplona i Spania. Gjennom programmet har dei fått høve til å samarbeide med spanske elevar og lærarar om å produsere budsjettvenlege inkubatorar for premature born i u-land. Dette

prosjektet gir elevane ei unik moglegheit til å bidra til humanitært og livreddande arbeid. I eit berekraftsperspektiv er vi også svært fornøgde med at vi har fått etablert avtale med Sykkylven stål om levering av restmateriale i stål.

Helse- og oppvekstfag hadde også eit godt skuleår. Dette kan tilskrivast vårt fokus på framovermeldingar i vurderingsarbeidet, der vi har lagt vekt på å la elevane ta små steg om gongen, slik at dei kan gjere endringar og oppleve meistring. Elevane har også fått lære om praktiske oppgåver, som å planlegge og gjennomføre "julebord" for andre som treng tilpassingar i kvardagen. Dette gir både mykje læring og bidrar til god relasjonsbygging mellom elevane.

Under Teknologifestivalen i Sykkylven i mai var elevane våre engasjert i fleire delar av programmet, inkludert å ta imot elevar frå ungdomsskulen på Stranda og delta aktivt på ulike arrangement.

2. Nøkkellopplysningar om skolen


2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	30
Tal på årsverk i leiarstillingar	3,3
Tal på årsverk andre tilsette	7,7

Rektor, assisterande rektor og tre avdelingsleiarar utgjer leiinga ved skulen. Assisterande rektor har ein stab på 3 merkantile. Avdelingsleiar for studiespesialisering har personalansvar for 16 lærarar, avdelingsleiar for Teknologi og industrifag og Elektrofag har 8 lærarar. Avdelingsleiar for tilrettelagt samt Helse- og oppvekst har 9 lærarar og 8 fagarbeidrarar. Totalt er det 50 medarbeidrarar ved skulen.

Skulen har ei 40 % stilling som IT-superbrukar. Her er to rådgjevarar – ein rådgjevar for yrke og karriere, og ein sosialrådgjevar.

Det pedagogiske personalet utgjer 13 lektorar, 14 adjunktar, 8 lærarar i tillegg til 5 skuleleiarar. I det samla personalet ved skulen er det ca. 64% kvinner og 36% menn.



Figur 1. Organisasjonskart for Sykkylven vgs.

2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Studiespesialisering	38	26	21	85
Helse og oppvekst	14	30		44
Elektrofag og datateknologi	23	7	10	40
Teknologi og industrifag	24	11		35
Påbygging til generell studiekompetanse			17	17
Total	99	74	48	221

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	7
---	---

Det er flest elevar som vel yrkesfag, og dette er ein trend som har vore nokre år både nasjonalt og lokalt. Det er færrest elevar i vg3.

Elevgrunnlaget vårt ser vi speglar nærskuleprinsippet, ettersom dei fleste er rekrytert frå Sykkylven USK. Samstundes ser vi at vi tiltrekker oss ein del elevar til Teknologi og industrifag og Elektro og datateknologi frå Stranda, noko som er svært positivt for elevsamansettinga og dynamikken i klassene. Elevar frå Sula, Ålesund og Skodje gjev uttrykk for å trivast, men vel likevel i stor grad å søke til skular med kortare reiseveg på VG2.

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	2022-23	2023-24	Fylket 2023-24
0 eller ingen	11,2%	9,5%	6,3%
0 - 25	1,0%	4,2%	2,8%
25 - 30	2,0%	10,5%	5,9%
30 - 35	4,1%	8,4%	11,7%
35 - 40	21,4%	15,8%	17,4%
40 - 45	25,5%	21,1%	21,4%

45 - 50	19,4%	11,6%	19,4%
Over 50	15,3%	18,9%	15,1%

2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Sykylven vgs	39,2	40,3	38,8	42,7	40,7
Fylket	42,3	42,3	42,2	42,7	41,4


2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Samanlikna med fylket er det litt fleire elevar med 0 eller ingen poengsum. Det er færre elevar med 30-35 poeng samanlikna med fylket. Elles er det små skilnadar.


Samanlikna med fylket, ser vi ei auke i grunnskulepoeng det siste året. Det er ei ønska utvikling.

3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)



Figur 2. Samla skår alle læringsmiljøindikatorarar, vg2



Figur 3. Samla skår alle læringsmiljøindikatorarar, vg3

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

I Elevundersøkelsen har Sykkylven vgs fått sterke resultat når vi ser på samla score over alle indikatorane samanlikna med andre vidaregåande skular. For VG1 svarar elevane med ein score på 43,7, noko som gir ein 6. plass. VG2-elevane får ein imponerande 2. plass med 40,8 poeng (figur 2), medan VG3-elevane toppar lista med 41,1 poeng (figur 3) og sikrar førsteplassen. Dette er solide resultat som viser at Sykkylven vgs har eit godt skulemiljø, noko som kjem av fleire år med målretta innsats. Arbeidet med skulemiljøet er eit viktig satsingsområde som vil halde fram i tida framover.

VG1-elevane Ved Sykkylven vgs er noko mindre nøgde samanlikna med dei to føregåande skuleåra, medan VG3-elevane er noko meir positive.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-4 i opplæringslova	6
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 9A-7 i opplæringslova	0

Ved Sykkylven vgs legg vi stor vekt på å skape eit trygt og inkluderande læringsmiljø for alle elevane våre, uavhengig av bakgrunn eller behov. Vi jobbar målretta for å sikre at kvar elev, inkludert dei med særskilt sårbarheit, får tilpassa opplæring som møter deira individuelle behov. Vi forstår kor viktig det er å skape ein skulekvardag der alle føler seg inkluderte og ivaretatt, og vi legg stor vekt på å oppretthalde eit godt nærvær blant elevane.

Eit av dei viktigaste tiltaka våre for å sikre eit trygt miljø er VIP-makkerskap, som vi har hatt sidan 2017. Dette programmet spelar ei nøkkelrolle i å styrke fellesskapet og fremje

vennskap mellom elevane heilt frå første skuledag. Ved å gi elevane faste makkerar som dei kan støtte seg på, bidreg vi til å skape eit inkluderande miljø der ingen føler seg åleine. Makkerskap er med på å bygge ein kultur prega av tryggleik og støtte, noko som igjen reduserer fråvær og fremjar eit positivt skolemiljø.

I tillegg har vi eit Innsatsteam mot mobbing som handlar raskt dersom vi får mistanke om at ein elev ikkje opplever eit trygt og godt miljø. Dette teamet jobbar systematisk for å følgje opp elevar som kan vere utsette for mobbing eller utanforskap. Ved å reagere raskt og effektivt sikrar vi at alle elevar har det bra, både sosialt og fagleg.

Eit anna sentralt element i arbeidet vårt er det tette og gode samarbeidet med foreldra. Vi forstår at eit godt heim-skule-samarbeid er avgjerande for elevane si trivsel og læring, og vi legg derfor stor vekt på god dialog med foreldre. Saman kan vi sørge for at elevane får den støtta dei treng for å meistre skulekvardagen og kjenne seg trygge.

Gjennom alt dette arbeidet skaper vi eit miljø der elevane trivst, føler seg trygge og kan utvikle seg både fagleg og sosialt.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	16
Møter i skolemiljøutval	8
Møter i skoleutval	1

	Ja/nei
Er skolemiljøutval og skoleutval slått saman?	nei

Elevrådstyret har faste møter med rektor og ass rektor kvar månad i tillegg til arbeidsmøte etter behov. I tillegg blir det gjennomført Elevråd kvar månad. I tillegg

gjennomfører Elevrådsstyret kontinuerlege møte for å følgje opp saker eller førebu saker. Det er sett opp ein årsplan for arbeidet med Elevdemokrati. Det er eit stort engasjement ved val av Elevrådsstyre, og det er kjekt og vitnar om at elevane opplever arbeidet som meiningsfullt og at dei blir lytta til.

Sykylven vgs er ein av få skular i fylket som har eit Skulemiljøutval. Skulemiljøutvalet (SMU) har dette skuleåret hatt seks faste elevrepresentantar i tillegg til tre vararepresentantar som har møtt jamleg. Frå tilsette/skuleleiing har utvalet tre representantar. Mandatet til utvalet er å jobbe med det fysiske og det psykososiale miljøet ved skulen. SMU har eit eige årshjul, godkjent og delegert frå elevrådet. Gjennom SMU vert eleven si stemme høyrt og elevane er sjølve delaktig i planlegging og gjennomføring av aktivitetar.

Skulemiljøutvalet har hatt faste møter ein gong i månaden, i tillegg til arbeidsmøte ved behov. Det er gjennomført ein aktivitet i månaden gjennom skuleåret. I arbeidet med årshjulet, prioriterer SMU alltid aktivitetar som heile skulen til gode. SMU sine aktivitetar er ei brikke i alt det gode arbeidet som vert gjort i relasjonsbygging og trivselstiltak ved skulen. Elevane ved skulen trekkjer alltid fram den høge trivselen som noko av det beste og viktigaste i skulekvardagen.

Kwart år vil elevane gjerne gjennomføre aktivitetar som har blitt ein tradisjon ved skulen. Dette gjeld til dømes den årlege stein-saks-papir-turneringa, der vinnaren får portrettet sitt på «Wall of fame», påskeaktivitetar med påskeegg-jakt og quiz, juleturnering i volleyball og små drypp som gleder medelelevane gjennom året. Ein skal ikkje kimse av ei vaffelplate, litt halloweensnop eller ein kopp varm saft på morgonkvisten. Nytt av året, var ein stor pepperkakelandsby der alle klassene bidrog med fantastiske byggverk. Mykje sukker og sòl, men ekte glede og julestemning! Alle desse aktivitetane bidreg til eit sterkt fellesskap både i klassene og for skulen som heilskap.

SMU brukte og tid på ein søknad om å få oppgradere vestibylen ved skulen. Forslaget vart møtt med velvilje frå leiinga, men er ikkje realisert, mest grunna økonomi.

HMS-ansvarleg har hatt eit samarbeid med SMU gjennom miljøgruppa. Elevar har delteke i vernerundar og SMU har fått orientering om HMS-arbeidet ved skulen. Elevane er særleg opptatt av sortering og handtering av søppel i klasserom og fellesareala. SMU arrangerte ryddeaksjon i Sykylven sentrum, ved fjorden/elva og nærområda til skulen.

Sidan rektor er fast medlem i utvalet, sikrar vi at elevane vert løpande orientert om saker som vedkjem det fysiske eller psykososiale miljøet ved skulen. SMU samarbeider med elevrådet, og saker frå SMU kan takast tilbake til klassene gjennom tillitselev. Det er ei utfordring å fordele aktivitetane mellom elevråd og SMU, då begge råda i nokre tilfelle har samanfallande mandat. Eit årshjul er til god hjelp.

SMU er godt kjend i elevgruppa, og det er alltid ei enkel sak å rekruttere elevar til å gjere ein innsats for skulemiljøet. Utvalsmedlemmane får eit deltakarbevis ved skuleslutt, og får kome til orde når vi har avslutning eller oppstart av skuleåret. På denne måten gjer vi stas på dei som brukar tida si til felles beste, og rekrutteringa til ulike utval og verv går lett.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2023–24, prosent	88,5%
--	-------

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Studiespesialisering	97,2%	88,5%	90,5%	92,8%
Helse og oppvekst	71,4%	100%		95,2%
Elektro og datateknologi	73,9%	85,7%	90%	80,0%
Teknologi og industrifag	75%	90,9%		80,0%
Påbygging til generell studiekompetanse			88,2%	88,2%
Total	80,8%	93,2%	89,6%	88,5%

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2019–20	2020–21	2021–22	2022–23	2023–24
Sykylven vgs	91,5%	93,8%	91,2%	86,7%	88,5%
Fylket	91,2%	91,4%	89,6%	89,6%	87,5%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Siste skuleåret hadde vi særskilt god gjennomføring for utdanningsprogramma Helse og oppvekst, Studiespesialisering og Påbygging. Unntak er Elektro og datateknologi og Teknologi og industrifag. I begge utdanningsprogramma hadde nokre elevar problem med å klare alle fag på eit år, og må ta det over 2 år.

Skulen har sett som mål at 90% i kvart årstrinn skal bestå. Elevar i VG2 og VG3 klarte målet, medan i VG1 klarte studiespesialisering målet.

Elevar i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma i VG1 har dei største utfordringane med å klare alle faga.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Studiespesialisering	4,38
Helse og oppvekst	4,33
Elektro og datateknologi	3,66
Teknologi og industrifag	3,70
Påbygging til generell studiekompetanse	3,99

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2019–20	2020–21	2021–22	2022–23	2023–24
Sykylven vgs	4,17	4,16	4,15	4,23	4,10
Fylket	4,22	4,26	4,24	4,21	4,20

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Karaktersnittet for Sykylven vgs samla sett er noko lavare samanlikna med fylket. Elevar ved Elektro og datateknologi samt Teknologi og industrifag har noko lavare snittverdi.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timer. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timer	Totalfråvær, prosent
Totalt	5,4	22,1	5,3%
Vg1	6,6	23,4	6,0%
Vg2	5,1	23,0	5,2%
Vg3	3,4	18,1	4,0
Vg4			

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Sykylven vgs	3,6%	3,8%	3,1%	4,9%	5,3%
Fylket	3,5%	2,5%	2,7%	6,5%	7,0%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Totalfråveret ved Sykylven vgs er lågare enn i resten av fylket, noko som tyder på at elevane ser verdien av å vere her. Når elevane møter opp, viser det at dei finn skulekvardagen både meiningsfull og inspirerande. Dette er også eit klart teikn på at vi har eit skolemiljø der elevane trivst og kjenner seg inkluderte. Når elevane ønsker å vere på skulen, er det eit teikn på at vi skapar ein plass der læring og samhald går hand i hand.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2023-24

Prosent	Tal
0,9%	2

4.4.2 Elevar som har sluttar siste fem år, prosent

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Sykkylven vgs	3,3%	3,1%	3,7%	1,8%	0,9%
Fylket	2,7%	2,2%	3,1%	3,1%	3,1%

4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Færre elevar sluttar ved Sykkylven vgs enn i resten av fylket, noko som er eit sterkt teikn på at vi gjer mykje rett! Dette viser at vi er flinke til å tilpasse opplæringa til kvar enkelt elev og skapar eit inkluderande og støttande skulemiljø der elevane trivst og vil bli.

Resultatet er ein skulekvardag som både engasjerer og motiverer – og det er noko vi er stolte av!

4.5 Overgangar

I arbeidet med overgangen frå ungdomsskole til vidaregåande skule, er det viktig å skape ei smidig og trygg overgang for elevane. Sykkylven vgs og Sykkylven ungdomsskule har eit nært samarbeid som sikrar at elevane får best mogleg støtte i denne overgangen. Ved å dele informasjon om elevane og deira behov, kan vi tilpasse opplæringa og legge til rette for at alle elevar føler seg trygge og godt forberedt på det nye kapittelet i utdanninga si. Skulen har samarbeid med USK gjennom ulike aktivitetar som mellom annan Skulenær, eit samarbeidsorgan mellom skule og næringsliv. Utover dette er der fag- og utviklingssamarbeid mellom skulane og gjennom den lokale utdannings- og yrkesmessa.

I tillegg til samarbeidet mellom skulane, er det også eit tett samarbeid med opplæringskontoret. Dette partnarskapet gir oss moglegheiter til å kartlegge kompetansebehovet i arbeidslivet og tilpasse utdanningstilbodet vårt deretter. Slik kan vi sikre at elevar som vel yrkesfagleg utdanning (YFF), får relevant og praksisnær opplæring som gjer dei attraktive for arbeidsgivarar. Mellom anna er opplæringskontoret OMTM med på å arrangere Industriturné for elevane våre for VG2 Industriteknologi og VG2, VG3 Automasjon. Denne styrker forståinga til elevane våre om mangfoldet av bedrifter dei har rundt seg, både i Sykkylven og i Stranda kommune. Tett kontakt med Opplæring i bedrift er også eit viktig ledd i overgangen mellom skule og arbeidsliv og har styrka arbeidet med og fokuset skulen har på YFF.

Vidare er samarbeidet mellom Sykkylven vgs og lokale bedrifter avgjerande for kvaliteten på opplæringa. Gjennom nærkontakt med næringslivet kan vi tilpasse læringsinnhaldet etter kva ferdigheter og kompetansar som etterspørjast. Bedrifter spelar ei viktig rolle i å gi elevar praktisk erfaring, og vi jobbar aktivt for å skape gode læringsarenaer der teori og praksis møtes.

Alt i alt handlar dette arbeidet om å forberede elevane best mogleg til vidare utdanning eller læringsløp. Ved å sikre ei god overgang og skape sterke relasjonar mellom skular,

opplæringskontor og næringsliv, gir vi elevane ei solid plattform for framtida. Saman bygger vi eit lokalsamfunn der både elevar og arbeidsliv kan blomstre!

5. Leiing og profesjonsutvikling

I skulekvardagen har lærarane ved skulen fleire faste møteplassar, som personalmøte, trinnmøte og kontaktlærarmøte. Men det som verkeleg styrker samarbeidet er ordninga der lærarane er organiserte i Team, der dei sjølve vel samarbeidspartnarar gjennom året. Denne tillitsbaserte modellen, der leiargruppa gir lærarane stor fridom, er tufta på gjensidig respekt. Team-arbeidet er retta inn mot definerte satsingsområde og denne fleksible og effektive organiseringa er vidareført også i skuleåret 2023-2024, fordi den har vist seg å vere så verdifull for både lærarane og skulen.

Profesjonsutvikling

Tidleg november arrangerte vi ein minisprint med fokus på tilbakemeldingsdialog og vurdering, der deltagarane verkeleg fekk dykke ned i korleis ein kan gi meir verdifulle tilbakemeldingar til elevane. Professor Siv Gamlem si bok *Tilbakemelding for læring og utvikling* handla om elevane sine eigne erfaringar med nyttige tilbakemeldingar. Dette skapte ein spennande diskusjon om kva som faktisk fungerer i klasserommet, og gav lærarane konkrete idear til korleis dei kan forbetre tilbakemeldingane sine for å fremje betre læring og utvikling.

Seint november gjennomførte Sykkylven vgs og Sykkylven ungdomsskule eit engasjerande fagmøte i fellesfag, der tilbakemeldingar stod i fokus. Møtet tok utgangspunkt i professor Siv Gamlem si bok *Prinsipper for en god tilbakemeldingspraksis*, og lærarane fekk verdifull innsikt i korleis dei kan forbetre tilbakemeldingane sine til elevane. I tillegg var det ei inspirerande fellesøkt om professor Gordon Stobart sitt konsept *Good feedback closes the gap*, som handlar om korleis gode tilbakemeldingar kan hjelpe elevane å tette gapet mellom der dei er og der dei skal vere. Dette møtet ga lærarane praktiske verktøy for å løfte tilbakemeldingspraksisen til eit nytt nivå.

I tillegg gjennomførte personalet fagspesifikke kurs den dagen elevane var engasjerte i Operasjon Vest Sahara (Operasjon Dagsverk), og i april vart det sett av ein halv planleggingsdag til eksamensførebuing med erfaringsdeling.

Nest siste skuledag vart det sett av eiga tid til refleksjon og førebuing til neste skuleår. Slike stunder med refleksjon gir rom for innovasjon og kreativitet, og skapar ein solid grunnmur for eit enda betre skuleår!

For å vekke interesse for det lokale næringslivet og få verdifull informasjon om kompetansebygging i kommunen, gjennomførte vi ein spennande halv planleggingsdag på Sykkylven næringsfabrikk i mai. Her fekk vi innsikt i kva som rører seg i næringslivet, samtidig som vi oppdaterte oss på kompetansebehovet i nærområdet.

Det var ein inspirerande dag der lærarar og representantar frå næringslivet kom saman for å dele erfaringar og idear. Denne samlinga ga oss ikkje berre ei betre forståing av kva ferdigheter som etterspørjast, men også moglegheiter til å bygge bru mellom skule og næringsliv. Med ei slik involvering skapar vi eit sterkare og meir dynamisk lokalsamfunn, der både elevar og lærarar kan dra nytte av samarbeid og felles utvikling.

Internasjonalisering som profesjonsutvikling

Internasjonalisering er ei satsing i fylkeskommunen, og Sykkylven vgs har tatt dette på alvor sidan 1996. Arbeid med internasjonalisering gir eit kompetanseløft for involverte lærarar og leiargruppa. Heile 1/3 del av elevane deltek i ulike prosjekt. Lærarane får erfaring med planlegging, gjennomføring og evaluering, og ikkje minst erfaring med samhandling og kommunikasjon på tvers av ulike kulturar og språk.

Våre internasjonale prosjekt omfattar:

Sykkylven vgs har si eiga akkreditering i Erasmus+, og har gjennom dette mange internasjonale prosjekt. Auschwitz, Birkenau og Krakow, Polen. Erasmus+ mobility. Demokrati og medborgerskap. Utvekslingsprogram med Pamplona, Spania. Erasmus+ mobility prosjekt med bærekraftig utvikling som tema. 2 skuler (San Fermin Ikastola og Askatasuna), eit nytt samarbeid med spansk offentlig videregående skule ASKATASUNA. Utvekslingsprogram med Salesianos, Pamplona. Eit Erasmus+ VET Short-Mobility prosjekt (14 dager), der fokus er på CNC, praksis, arbeidsforhold og fabrikkbesøk. Ved gjenbesøk

gjekk dei saman med våre elevar og arbeide med produksjon av kuvøser som blir brukt i våre humanitær prosjekt.

Ekskursjon til San Fermín Ikastola, Pamplona, Spania. Eit Erasmus+ VET Short-Mobility prosjekt (14 dagar), der fokus er praksis i barnehage i utland, arbeidsforhold i utland, kurs og besøk på sjukehus i Spania.

Ekskursjon til San Sebastián. Eit Erasmus+ Short-Mobility prosjekt (14 dager) som inkluderer diverse kurs innan automasjon, besøk til Mercedes Benz fabrikk og automasjonssenter i San Sebastián. Kombinasjon av kurs, praksis og faglege besøk.
Elevar som tek programfag Spansk III reiste til Bilbao, Pamplona, San Sebastián og elevar som tek programfag Tysk III, reiste til Berlin, Tyskland.

I tillegg til dei internasjonale prosjekta, gjennomfører skulen kvart år ei internasjonal veke i mars. Elever og lærer frå alle samarbeidspartnerane i Europa besøker oss denne veka.

Entreprenørskap som profesjonsutvikling

-If you can dream it, you can do it, sa Walt Disney. Dette erfarer ein stor del av våre elevar gjennom Ungt entreprenørskap.

For elevar som skal drive ei bedrift gjennom eit skuleår, inneber det både frustrasjon og hardt arbeid, men aller mest kjensla av meistring, teamarbeid og praktisk læring.

Ungdomsbedrift er kjekt!

Skulen vår har lange tradisjonar for å bruke entreprenørskap som metode. Å vere ein del av Skaparglede-bygda forpliktar og opnar for samarbeid med lokalt næringsliv.

Skuleåret 23-24 har vi hatt tre bedrifter på vg2 Industriteknologi. Alle har lykkast i å få fram gode produkt. Sisu UB har laga eit skistativ og vart kåra til fylket si beste Yrkesfaglege bedrift. I tillegg fekk dei fyrsteplass i beste standoppleving gjennom produktkunnskap og begeistring for faget sitt.

NGL UB har laga eit vangebord av spiler med innebygd trådlaus mobilladar. For dette arbeidet vart dei premiert som nummer to i kategorien Beste Yrkesfaglege bedrift.
Wineup UB med sitt flaskestativ har hatt eit kjempebra salg.

Kompetansehevingsmidlar

Nettverksmøter

DeKom

Yrkesfaglærar 2

Kompetanse for Kvalitet

1 lærar master i norsk, Høgskulen i Volda - vikarordning

1 lærar spesialpedagogikk 8.-13.trinn, NTNU – stipendordning

1 lærar profesjonsfaglig digital kompetanse, Universitet i Sørøst-Norge – stipendordning

1 lærar alternativ supplerande kommunikasjon, Universitet i Sørøst-Norge –
stipendordning



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no